



**Trivsel i nærmiljøet!**

# Retningslinjer for Osterøy Frivilligsentral

## **Formål**

Osterøy Frivilligsentral skal fungere som ein møteplass mellom dei som ynskjer å yte ein innsats for andre, og dei som har behov for, og ynskjer, å ta imot ein slik innsats.

Sentralen har ei koordinerande rolle ovanfor frivilligheita på Osterøy, og skal fungere som eit bindeledd mellom frivillige lag og organisasjonar og Osterøy kommune.

## **Tilhald og lokalar**

Osterøy Frivilligsentral heldt til i Lonevågen 1, på bakkeplan i Osterøy Kultursmie. Romma i sentralen vert lånt ut gratis til lag, foreiningar og organisasjonar med tilhald på Osterøy.

Lokala i biblioteket står til disposisjon for aktivitetar i regi av frivilligsentralen, desse kan også lånast av frivillige lag, foreiningar og organisasjonar med tilhald på Osterøy.

## **Dette skal sentralen gjere**

Frivilligkoordinator tilsett i Osterøy Frivilligsentral sentralen forpliktar seg til å organisere sentralen i samsvar med forskrift for tilskot til frivilligsentralar § 1 (2022).

Frivilligsentralar skal:

- stimulere til frivillig innsats
- vere opne møteplassar for befolkninga
- vere eit knutepunkt mellom kommunen og frivillig sektor

Osterøy Frivilligsentral er eit supplement til offentleg tenesteyting og aktivitet i det frivillige. Sentralen si drift skal vere basert på behova til dei som bur på Osterøy. Dette betyr behova til frivilligheita, samt behov vi finn i befolkninga elles. Desse behova kjem dei tilsette i sentralen i kontakt med:

- gjennom lag og organisasjonar
- gjennom einskilde frivillige og rådgjevande organ
- gjennom kontakt med offentlege tenesteytarar og mottakarar av tenesteyting

Sentralen kan vere samarbeidspartner i prosjekt med frivilligheita, og skal elles fungere som ein ressurs for lag, foreiningar og organisasjonar på Osterøy:

- Sentralen skal nytte relevante digitale plattformer til å koordinere og promotere frivillig aktivitet i kommunen. Systemet ein nytter skal innehalde funksjonar for drift, nettside og digital aktivitetsskalendar.
- Aktivitetsskalenderen er ein portal for foreiningar i kommunen, der registrering og aktivitet skal oppdaterast av laga, organisasjonane og forbunda sjølv.
- Dersom dei frivillige som registrerer seg i sentralen sjølv ynskjer det, hjelper frivilligkoordinator dei inn i allereie eksisterande aktivitetar i regi av lag og organisasjonar på Osterøy.
- Sentralen kan organisere egne aktivitetar. Desse vert utforma i samarbeid med frivillige i sentralen.
- Sentralen skal spele ei rolle i arbeidet med å utforme kommunale planar som omhandlar frivilligheit.
- Frivilligsentralen kan rettleie lag og organisasjonar i kontakt med kommunen og andre offentlege instansar.

### **Lokale styringsdokument**

Sentralen skal sjå til relevant planverk i kommunen som omhandlar frivilligheit og utvikling av lokalmiljøet. Frivilligsentralar har stor lokal friheit til å utforme verksemda si, og lokale

kommunale planer spelar ei rolle i dette. Osterøy Frivilligsentral ser særskild til desse dokumenta.

- Osterøy Kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2031.
- Frivilligpolitikk i Osterøy Kommune 2019-2023. Inkludering, breidde og engasjement. Temaplan for frivilligheit. (Oppdaterast 2023-2025)

### **Eigarskap og organisering**

Osterøy Frivilligsentral er 100% eigd av Osterøy Kommune. Stillinga til frivilligkoordinator og eventuelt andre tilsette i frivilligsentralen er kommunale. Det administrative, økonomiske og personalmessige ansvaret for sentralen vert ivaretatt av Osterøy kommune ved leiar for Osterøy kultursmie.

- Frivilligsentralen er organisert som eit kommunalt ansvar i sektor Oppvekst, undervisning og kultur.
- Frivilligsentralen er ein del av Osterøy kultursmie, saman med Osterøy bibliotek.
- Frivilligkoordinator er ein del av team for idrett, frivilligheit og kultur.
- Frivilligsentralen skriv eige årsrapport som vert lagt fram for politisk behandling. Denne følgjer forskrifta sine krav for tilskot.
- Ressursane i Frivilligsentralen skal i størst mogeleg grad nyttast til å koordinere frivillig arbeid.

### **Rådgjevande organ**

Osterøy Frivilligsentral skal utforme verksemda si i samarbeid med eit rådgjevande organ. Denne gruppa vert kalla Rådet for Osterøy Frivilligsentral. Møta i rådet vert leia av frivilligkoordinator. Leiar for Osterøy kultursmie fungerer som sekretær for møta. Rådet skal fungere som ein ressurs for sentralen og dei tilsette, og, mellom anna, komme med innspel for å sjå samanheng mellom frivilligheita sine ynskjer og lokalsamfunnet sine behov.

Rådet har ei viktig rolle i å:

- spele inn moglegheiter
- motivere
- skape entusiasme om felles mål
- bidra i arbeidet med god kommunikasjon og godt samarbeid mellom frivilligheita og kommunen.

## *I. Samansetning og val av medlemmer til Rådet*

Ein skal arbeide for kjønnsbalanse og aldersblanding i valprosessar, samt ha fokus på brei rekruttering til rådgjevande organ. Gjennom ei samansetning kor mangfaldet i frivilligheita vert representert over tid, vil frivilligsentralen si verksemd vere godt forankra i kommunen.

- Levekårsutvalet i Osterøy Kommune vel ein representant til sentralen sitt Rådgjevande organ. Representanten vert valt inn for ein periode på to år.
- Ungdomsrådet vel ein representant til sentralen sitt råd som vert valt inn for eit år.
- Fire plasser i rådet vert valt frå frivilligheita i kommunen. Disse vert valt frå:
  - lokale lag, organisasjonar og forbund
  - frivillige i sentralen.

Medlemmane vert valt for 2 år om gangen. Det er to medlemmer på val per år.

- Frivilligsentralen og rådet samlar inn forslag til kandidatar. Valnemnda innstiller, på bakgrunn av forslag, kandidatar til rådet for vedtak i heradsstyret.

## *II. Rådet si rolle i frivilligsentralen sine planer*

Rådet skal vere med å utforme langsiktige planar for verksemda i sentralen. Det er i dette arbeidet frivilligheita kan spele inn sine behov og ressursar.

Rådet deltar i arbeidet med å kartlegge frivilligheita sine behov. Basert på dei behova ein finn skal sentralen gjere prioriteringar og utarbeide tiltak basert på desse. Rådet spelar ei rolle i å komme med innspel på prioriteringar og tiltak.

## **Nettverk**

Osterøy Frivilligsentral er med i eit større nettverk for frivilligsentralane, nettverk Nordhordland. Her deltek vi i lag med sentralane i Alver kommune, Manger, Knarvik og Frekhaug, samt frivilligsentralane i Masfjorden og Austrheim.

Anna kurs og kompetansehevingstiltak vert avtala mellom frivilligkoordinator og leiar i Osterøy kultursmie.